

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 16/2023
REGULERING AV FISKET ETTER MAKRELL
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

I det store og heile ønsker Pelagisk Forening at gjeldande regulering blir vidareført.

Som kjent er 2023 det første året etter Brexit at norske båtar har kunne fiska makrell i UK si sona. Pelagisk Forening konstaterer at fiske utover fartøykvotar i UK si sona førte til at fiskeriet blei stengt før bestemte fartøy hadde fiska sin delkvoteeining i UK si sona. Dette er svært uheldig for dei som blei råka.

Det er lett å vera etterpåklok, men det må kunne seiast at reguleringa ikkje var optimal.

Per i dag er det ikkje inngått fiskeriavtale med UK om makrell for 2024. Pelagisk Forening meiner at det likevel bør vurderast korleis ein skal unngå at enkelte fartøy mister delkvoteeining i UK pga. andre båtar sitt fiske utover eigne delkvoteeiningar. Dette for det tilfelle at det blir fiskeriavtale med UK for 2024.

Eit mogleg alternativ er underregulering.

Per i dag blir salssummen av fiska kvantum ut over delkvoteeininga i UK kverrsett, men kvantumet blir ikkje trekt frå fartøyet sin kvote. Derimot blir kvantumet trekt frå gruppekvota neste år.

Pelagisk Forening meiner at dette bør endrast. Dette slik at fartøy som fiskar ut over eventuell delkvote i andre land sine farvatn får tilsvarande kvantum trekt frå fartøykvoten sin.

Sidan 2020 har det vore ei prøveordning der fiske utover fartøykvote m. flex har blitt trekt på fartøynivå. Pelagisk Forening viser til makrellforskrifta § 24. 2. ledd «Fartøy som i 2023 benytter sin adgang til å overfiske kvoten i henhold til § 8, § 10 og § 13, vil bli kvotebelastet i 2024 for fangst utover kvote i 2023 som er inndratt i medhold av havressursloven § 54.» Pelagisk Forening ønsker at ordninga blir vidareført.


Pelagisk Forening ber om at storleiken på eventuell overregulering i gruppa under 15 meter blir vurdert nøye. Eventuell overregulering må sjåast i samanheng med andre ordningar.

Bergen: 26.10.23

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar